

200 born i sving på «Helt konge» i sommar!



Etter at kronprinsparet vitja Bykle i 2023 som del av ei reise i landet i samband med at dei begge run-
da 50 år, vart det bestemt at bursdagsgåva frå Bykle kommune skulle vere ei lokal oppleving for born
og unge. Jo Breivegen i Hovden Hytteservice kasta seg på, og ville vere med på spleiselaget. Torsdag
18. juni kom resultatet - festivalen «Helt konge» - som vart ein flott dag med 200 born og unge frå
kommunane Bykle og Valle og mange tiltals tilsette innan oppvekst i sving.



www.bygdekinoen.no

Hovden grendehus



Paw Patrol: Dinofilmen
(Norsk tale)

Hovden Grendehus, Hovden



Spider-Man: Brand New Day

Hovden Grendehus, Hovden

31. august

Kl. 18—Paw Patrol Kl. 20—Spiderman

Kinodatoar hausten 2026

Bykle samfunnshus:

Hovden grendehus:

14.09 - 26.10 - 9.11 - 7.12

31.8 - 28.9 - 12.10 - 23.11 - 21.12

Bommen til Urevass- vegen stengt

Bommen på Urevass-
vegen ved Rjomeli er
no stengt med kodelås,
og skal i utgangspunk-
tet ikkje køyrast på. Så
er det eit unnatak for
fastbuande.



Fast busette i Bykle kommune har adgang til bruk av
vegen i perioden frå 1. juli-12. oktober. Dei som
høyrer til i den gruppa kan få koden til låsen på
bommen viss dei kontaktar Bykle kommune.

Strikkekafe på biblioteket i Bykle

No prøver vi på nytt å få i gang strikkekafe.
Ved skulestart startar vi opp på biblioteket i
Bykle onsdagar kl 18.00. Første gong blir
19. august.
Kom med eller uten strikketøy. Alle er vel-
komne.

Frå oss som liker h ndarbeid og   vere
saman sosialt  



Byklaren

eit informasjonsblad fr  Bykle kommune

August 2026 37.  RGANG



Laga eigenberedskaps-T-skjorte!



Bykle-ordf r r Hans Blattmann med kreasjonen eigenbered-
skaps-T-skjorte!

I sommar lanserte kommunane Bykle og Valle eigenbered-
skaps-T-skjorta! Lanseringa var del av kommunane si lokale
eigenberedskapsveke i juni.

P  T-skjorta st r det H ve du - alts  "har du" - og p  ryggen
"eigenberedskapslager". Under er det trykt p  ein QR-kode - og scanner du den
kjem du rett til Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) sine lister
over kva du b r ha i eigenberedskapslageret. Ei flott T-skjorte, som sj lvsagt ogs 
er pynta med kommunev penet!

Lager i orden = T-skjorte!

I sommar har folk i dei to kommunane meldt inn   ha sjekka eigenberedskaps-
lageret sitt—og f tt T-skjorte i premie som takk for innsatsen! Det er T-skjorter
att, s  her er det bare   kaste seg p !



H yr no hiera!



Me g r inn i august m -
nad—og for mange er
sommaren akkurat no p 
det flottaste. Rett nok vil
vel dei fleste ha gode fri-
dagar i fellesferien, au-

gust kan likevel vere ein fantastisk som-
marm nad. S  har jo juli vore ekstrem
varm i  r—med varmfrontar fr  kontinen-
tet som mildt sagt ogs  fann vegen hit. At
august skal bli like varm er vel   h pe p 
for mykje, men fint ver hadde det likevel
vore fint   f . Ulempa med finveret er at
det turkar opp i skog og hei, og i heiane.
Det f rer til auka skogbrannfare, heller
ikkje i sommar har me sluppe unna slike
hendingar. Heldigvis ser det ikkje ut til at
det har g tt liv tapt. Det er likevel ein p -
minnar om kor forsiktig ein skal vere med
eld i naturen.

No skal det haustast!

Med august n rmar b rhausten seg—og i
 r ser alt saman lovande ut. Om det er
bl b r, molte eller etter kvart tyteb r det
er snakk om, i alle fall samanlikna med den
miserable sesongen i fj r blir det nok ein
opptur for dei fleste sankarar. Ogs  dei
med sans for sopp kjenner det rykker no,
ogs  den sesongen er snart i gang. Om det
ikkje er n dvending mataukt lenger,   san-
ke av overfloden i naturen er det framleis
mange som set pris p —og meir bere-
kraftig aktivitet skal ein vel leite lenge
etter? S  f r ein h pe p  milde kveldar og
fint ver ogs  i tida som kjem, f r hausten
etter kvart er over oss.

Samdrift p  legekontora

Fr  15.6 til 14.8 har legekontora i Bykle og
Valle samdrift p  Bykle legekontor -
tlf **37 93 86 70**. For legevakt ring **116 117**.



www.bykle.kommune.no

Byklaren er eit kommunalt informasjonsblad. Vi tek med kunngjering om arrangement og aktivitetar i regi av lokale lag og organisasjonar. Innslag sendast med tekst og bilete til: byklaren@bykle.kommune.no Frist er 20. kvar måned.

Politiske møter og saksdokument
finn de på heimesida eller følg QR'en



AKTIV PÅ DAGTID



UKEDAG	AKTIVITET	KLOKKESLETT	MØTESTAD
MANDAG			
TYS DAG	Yoga	10:00-11:00	Dansesal, Hovden grendehus
ONSDAG	Turgruppe	11:00-12:00	Hovden grendehus
TORS DAG	Trimtreff	11:00-12:00	Trimrom, Bykle samfunnshus
	Sterke saman instruktør: Stine G.	11:00-12:00	Festsal/kinosal, Bykle samfunnshus
FREDAG			

SJÅ ALLE AKTIVITETANE I SPOND, KODE: IFZBR, ELLER SJÅ I FRISKUS AKTIVITETSKALENDER.

Kontakt kultur@bykle.kommune.no eller ring 902 16 856 ved spørsmål.

Er du heime på dagtid og ønskjer å vere med på ein aktivitet saman med andre?

Alle kan bli med på aktivitetane, uavhengig av fysisk form. Du bestemmer sjølv intensitet og tempo. Målet er at du skal oppleve aktivitetsglede saman med andre. Følg med på Spond og Friskus Aktivitetskalender for meir info og evt avlysingar!

Hovden grendehus og bibliotek	Bykle samfunnshus og bibliotek
Måndag-torsdag 8-21 Fredag 8-16	Måndag 10-16.30 Torsdag 10-16.30 Meiopent bibliotek alle dagar 7-23

Friskus aktivitetskalender:

I friskusappen ligg det no ein aktivitetskalender som alle frivillige lag og organisasjonar i Bykle kan nytte til å dele sine aktivitetar. Ta kontakt med kultur@bykle.kommune.no om du ynskjer meir informasjon!



Kultur og fritid

Telefon: 902 16 856 Epost: kultur@bykle.kommune.no

Spond! Kode: IFZBR Gruppenamn: Kultur Bykle kommune

Facebook: Bykle folkebibliotek, Bykle frivilligsentral, Bykle kommune, Ungdomsarbeid i Bykle og på Hovden.

Tømekalender

Restavfall: 5.8, 19.8

Matavfall: 5.8, 19.8

Papir, glass/metall, plast: 5.8

Tykkås gjenvinningsstasjon har ope:

Tysdagar klokka 11-13 (næringsdrivande)

Torsdagar klokka 12.30-18.30 (private og næringsdrivande)

Fredagar klokka 10-13 (private)

Første laurdag i månaden klokka 09-13 (private)

Gratis symjing i Bykle

Familiebading kl 16:30-17:45
Vaksenbading kl 18:00-19:00

Badevakt med livredningskurs til stades.
Tilbodet følger skuleruta 2026.



Kulturkafé

Kulturkafédatoar for hausten 2026

23. September - Folkeakademiet

21. Oktober - Korpsbasar v/Bykle musikkorps

18. November - Sigurd Brokke v/Bykle mållag

Gjenklang
Hovden Kunsthandel
Utstilling
20. juni - 8. august

Åpningstider:
Torsdag, fredag og lørdag
11:00-16:00
Hovden Kunsthandel

Ewald Assmann
Marit Hovden
Ella Uleberg
Caroline Tveiten
Kirsti Tiedje

Utstillingen åpner
dørene 20. Juni
kl. 14.00
Velkommen!

Bykle og Valle kunstlag
inviterer til en variert utstilling
hos Hovden Kunsthandel.

Opplev maleri, keramikk,
trearbeid og glass laget av
våre medlemmer.



DEN NORSKE KYRKJA
Kyrkja i Bykle, Valle og Hylestad



www.valle.kyrkja.no / www.bykle.kyrkja.no

Gudstenester

Onsdag 5.8 kl. 12.30

Andakt Bykleheimen

Onsdag 19.8 kl. 12.30

Andakt Bykleheimen

Sundag 23.8 kl. 16

Gudsteneste, Fjellgardane kyrkje

Onsdag 26.8 kl. 18

Informasjonsmøte for konfirmantforeldre 2027-kullet, Kyrkje-kjeddaren, Bykle

Onsdag 26.8 kl. 19

Orgelkonsert «Komponistar frå Sørlandet», Bykle kyrkje. Med Elsebeth Lütcherath og klarinettist Kari Ingelsrud

«Vi over 60»

Skafsåheii Fjellkyrkje onsdag 2. sept. kl. 1200



Harald Nasset – song, Tore Ulleberg – piano, Kay Andre Wachter – bass og Svein Andresen - trommer

Vi får besøk av musikalske kameratar frå Oslo og Kragerø. Dei kallar seg «Salig Blanding», og repertoaret tilseier at namnet høver bra. Kvartetten presenterer varierte godbitar frå kjente viser, salmer, gospel og jazz.

Tilhøyrarane vert utfordra til å bli med på allsong.

Lapskaus, kaffi og kaker kr. 150,-

Påmelding innan torsdag 27. august til Gunstein Seltveit

mail: gunstein@seltveit.no, tlf. 90170465 eller til

Tahar Haddad mail: haddadtahar3@gmail.com, tlf. 9510615

Høve til å gje ei gåve til drift av Fjellkyrkja.

Velkomen!

Arr: Fjellkyrkjelaget og Dalen pensjonistlag

Bygdekafé i Bykle på tysdagar frå no av

Den populære bygdekaféen i Bykle har blitt skipa til på tysdagar i lokala til vaksenopplæringa vegg i vegg med NAV i Bykle. Frå no av er det tysdagar som gjeld, og framleis klokka 12-14.

Kan få skyss

Det er Brynje-prosjektet i samarbeid med frivilligsentralen i Bykle kommune som står bak kaféen. I kaféen kan ein både få seg ein matbit og ein kaffiskvett, og ikkje minst ein prat med kjente og ukjente. No kan ein også få skyss viss ein treng det - då må ein ringe og avtale på tlf 92416961.

Diakonisarbeidet i Øvre Otredal inviterer til temakveld:

Å SJÅ / OG BLI SETT!

Foredrag med Bjarne Nordhagen frå Vennesla

Stad: "Vonheim" på Bygland

Tid: 28. august kl. 17.00

Servering: Vi et setesdalssuppe først, kaffi og kaker seinare

Anne Synnøve, Ina Kjøstvedt og Ingunn Nordmo Sagland, kyrkjevergene i Øvre-Otredal, blir presenterte. Dei skal ha kvar sitt korte innlegg om kveldens tema.

Song og musikk

Avslutning: Svein Kleivane

Diakon Åse Gudrun Thortveit leier kvelden.



Naturvernforbundet

Setesdal

Du og naturen - ven eller utbytter? Vern eller utbyggjar?

Naturvernforbundet har fått ny fylkesleiar, Ragnhild Nilsen. Ho kjem på besøk til oss og vil halde dette inspirerende foredraget.

Ragnhild er klimapsykolog og har gjort veldig mykje spennande. I over førti år har ho jobba ulike stader i verda med å bygge business og bistand, økologi og økonomi hand i hand. Mellom anna har ho vore medinvestor og grunnleggar av Heliopolis-universitetet i Kairo og laga økologiske handkle av norsk tang og egyptisk bomull. Ho er også muskar og forfattar med 16 bøker bak seg.

Etter foredraget blir det "bålsamtale" med nokre personar som fortel om sine erfaringar. Velkomen til eit ope møte med enkel servering.

Stad: Hylestad Soknehus

Tid: fredag 14.august kl 18.00

Arrangør: Naturvernforbundet i Setesdal



Oslo Kammerkor

Austad kyrkje på Tveit

Sundag 13. September
klokka 15.00

Billett: 250,-
Kan kjøpast i døra
Gratis inngang for dei under 15 år

Med gjester:

Koret Kong Hanes efft.

Eirik Hodnemyr

Lokale kvedarar frå

Setesdal

Spelemannslag